

---

**Fra:** Marius Tenden <kontor@hamm-kam.no>  
**Sendt:** mandag 6. juli 2020 11:01  
**Til:** Postmottak Alver  
**Emne:** Uttale vedr. endring av grenser/makebyte av areal, gbnr: 425/9, 13, 50 og 52  
**Vedlegg:** Situasjonsplan Jørund Haugland, endring av grenser A4.pdf

Hei!

Ynskjer uttale frå landbruks- og eigedomseininga vedr. beste framgangsmåte ifbm. rydding i grenser for landbrukseigedom med gbnr: 425/9,13 på Haugland i Bøvågen.

Skriv på vegne av tiltakshavar Jørund Haugland, som ynskjer å rette opp i grenser på og rundt gbnr 425/9, 13, 50 og 52.

Våningshuset ligg på gbnr: 425/50, mens bustaden på 425/52 er eigd av broren; Tormod Haugland og Annette Marie Kierulf.

Det er ikkje drift på garden, men ein leiger vekk slåtteareal og driv med jamnleg vedlikehald av eigedom og bygningar.

For å sikre framtidige generasjonar og evt. framtidig drift av bruket, ynskjer tiltakshavar å rydde i grenser og i neste omgang justere avkjørsle til Listveitvegen, for å betre sikt mm.

Som det er i dag ligg både avkjørsle til Listveitvegen og tilkomstveg til driftsbygningar inne på gbnr: 425/52, ein ynskjer å flytte begge avkjørsler over på landbrukseigedommen slik att ein sikrar tilkomst til driftsbygningar, landbruksareal i nordaust, garasje og våningshus.

425/52 vil få tinglyst vegrett i staden.

I skuldsifte ser ein att eigedom 425/52 er noko annleis enn det som er teikna inn i det digitale kartet, dette til info, om ein føreteik ein arealoverføring/grensejustering vil ikkje dette spele noko rolle.

For å kompensere for den ulempa justeringa fører med seg for 425/52, har dei saman kome fram til nokre løysingar som er tenleg for alle eigedomane:

- Grense mellom 9/13 og 52 i nordaust flyttast sånn att ein får plass til veg mellom grensa og garasje på 425/9, 13, vidare går grensa langs eksisterande veg.
- Grenser mot søraust flyttast sånn att det vert 425/9, 13 som eig vegen mellom 50 og 52.
- Grense mellom 9/13 og 52 i sørvest flyttast jamt med kanten av dyrka mark, sånn som den er i dag er den inn på dyrka mark i eine hjørnet og eit stykke utanom på andre.
- Grense mellom 9/13 og 52 i nordvest flyttast til ytterkant av det som dannar ein trekant, her ligg det ei brønn og dette er areal som vanskeleg lar seg utnytte maskinelt, det vert såleis ikkje nytta som dyrka mark.

Området har vore slått med plenklipper av eigar av 52 i alle år for å holde dette vedlike.

Det vil vere ein landbruksmessig fordel å ikkje måtte vedlikehalde denne inneklemtre trekanten.

- 425/13 på motsatt side av Listveitvegen er ein teig som ikkje er til noko mtp. landbruket, her har BKK anlegg og det er kommunal VA ved vegen som gjer att ein ikkje har eller får tilkomst med maskiner eller kan utnytte dette på noko god måte, her og vil det vere ein fordel for landbruket å sleppe å vedlikehalde dette.

Men arealet er regulert til bustad, og som eit tilleggsareal til bustaden på 425/52 vil det vere eit greitt stykke til uteområde el.l. sjølv om det er på motsatt side av vegen.

Ein tenkjer såleis å flytte dette arealet over til 425/52.

Saman utgjer dette løysingar som sikrar landbrukseigedomen for framtidig drift, ein vil hindre att det vert noko grunnlag for konflikt og ein vil ha grenser som står i stil med den reelle situasjonen. I tillegg vil ein og få ei meir trafikksikker avkjørsle.

Men ein er litt usikker på framgangsmåte, vil det vere greitt å søkje om alt samla i ei sak?

Då vert det vell i så fall arealoverføring det er snakk om?

Er det andre ting som bør takast omsyn til eller som me har oversett?

Med vennleg helsing

Marius Tenden

For



**Org nr: 983 09 1539 MVA**

**Hella 60**

**5936 Manger**

**Mob Marius: 995 46 989 Mob Arne Kjetil: 920 86 035**